

Nyheitsbrev september 2024

Kjære medlemmar,

Hausten har kome og vi i faggruppa starta med ein pangstart. På ei veke var det tre møte med Helsedirektoratet/FHI. To av dei omhandla deltaking i referansegrupper for nye KPR-register (Kommunalt pasient- og brukerregister) gjennom FHI. Det tredje var møte med Helsedirektoratet etter at vi i vår tok initiativ til eit felles skriv til Helsedirektoratet frå barnelegeforeningen, allmennlegeforeningen og landsforeningen for helsepsykepleiere. I skrivet uttrykte vi bekymring over at det er mange behandlingstilbud retta mot barn for tilstandar som ville gått over av seg sjøl, eller med lågterskel veiledning og oppfølging frå helsestasjonen. Det var eit positivt møte med stor støtte frå Helsedirektoratet på at dette er problematikk som det er viktig at våre faggrupper løfter fram saman. Vi avventer tilbakemelding frå Helsedirektoratet på korleis dei kan bistå oss vidare.

Faggruppa representerer NFF i referansegruppe gjennom FHI for utarbeiding av KPR for helsestasjon og skolehelsetjeneste. Representantar frå ulike foreningar og kommunar er representerte i tillegg til Helsedirektoratet og FHI (blant andre [NASKO](#)). Per i dag forelegg ingen sentrale dataregister frå helsestasjon og skolehelsetjeneste. Det er viktig at vi som faggruppe er sterkt involverte i arbeidet for å gi innspel på kva arbeidsprosessar vi har og kva det er viktig å rapportere på. Gjennom deltaking i denne gruppa vart vi også involvert i ei referansegruppe som omhandler rapportering frå helse- og omsorgstenestene. Rapportering frå fysioterapitester for barn og unge fell ofte mellom to stolar, når vi på den eine sida skal arbeide helsefremmande og forebyggande i helsestasjonen og skolehelsetjenesten, mens vi skal rapportere individuelle konsultasjonar som kostratal. Begge prosjekta jobber med å innhente data frå journal og etablere ein plattform for hyppige mottak av data, for bedre å imøtekome behovet for bedre støtte til kommunane. I tillegg vil det kunne bidra til å tydeleggjere våre tenester.

Fleire kommunar har tatt i bruk den nye [bemanningskalkulator for ungdomsskoletrinnet](#)

Det er viktig at fleire tar den i bruk og kjem med tilbakemeldingar på korleis den slår ut! Enkelte kommunar opplever at bemanninga blir lågare enn dei hadde før, ut i frå normalt om 0,7 stilling per 100 elevar. Vi skal da huske på at bemanningskalkulatoren kun er eit minstemål på ressurs i ungdomsskolen og kun omhandler helsefremmande og forebyggande arbeid på gruppennivå for vår del. Det gjeld altså ikkje enkeltkonsultasjonar og ansvarsgruppearbeid, som det gjer for helsepsykepleiarane. Dette heng saman med rapporteringsarbeidet nemnt over, vi jobber for å rydde i dette.

BUF og faggruppen for psykomotorisk fysioterapi har oppretta ei arbeidsgruppe som prøver å få fleire fysiotapeutar inn i BUP. Vi har regelmessige møte og god framdrift.

BUF arrangerer NUBU-kurs Bergen 27. sept. og fire Hine-kurs på oktober. Følg med på kurskalenderen, for snart legg vi ut fleire Hine-kursdagar! Blant anna planlegg vi Hine-kurs i Stavanger og Trøndelag i 2025. Få også med deg den gratis digitale medlemskvelden 12. november om bekkenbunn og barseltrening; [Digital medlemskveld](#)

Husk 1. november som er fristen for stipendsøknad frå BUF. Søknadsskjema finner du [her](#) Søknadskriteria finn du under stipend på <https://fysio.no/barne-og-ungdomsfysioterapi>

På vegne av styret,

Ingunn Skogseth-Stevens
Faggruppeleder